



Ingvill, Birgitte og Kristine frå Uskedalen tek farvel med den engelske instruktøren Paul Farr etter sommarkurset. (Foto: Thor Inge Døssland)

Sommarkursa for dei som spelar i korps er ikkje berre viktige musikalsk sett – minst like viktig er verdien av dei vennsksbands som vert knytte gjennom desse årlege treffa. Difor er det grunn til å sette strek under det som skjedde sist helg i forlenginga av blått sommarkurs, understrekar leiinga i skulemusikken.

Då møttes 17 av dei bortimot 50 som deltok i blått sommarkurs i Stavanger og besøkte mellom anna Kongeparken.

Frå Uskedalen var Ingvill T. Sture og Birgitte Hjelmeland med og treffet var svært vellukka.

Dei fleste av dei som var med på dette turopplegget vil møtest igjen under Karmøy Jazzfestival frå 19. til 21. september.

Dit reiser skulemusikken i Uskedalen med 19 av muskarane sine, og då blir vennsksbanda knytt enda fastare!

Av Ola Matti Mathisen